
Fra: Fauskanger, Mona [<mailto:fmhomfa@fylkesmannen.no>]

Sendt: 29. februar 2016 13:55

Til: Inger Margrethe Fosslund; sam@os-ho.kommune.no; Folgerø-Holm, Jorunn Jacobsen; Hildur Heie (hildur.heie@tysnes.kommune.no); Trygve Dahl; Reidun Sæbdal; Anne B. H. Johansen (anjo@fitjar.kommune.no); Haukaas Inger Lise (inger.l.haukaas@odda.kommune.no); Pedersen, Harald (Harald.Pedersen@bergen.kommune.no); Tord A Lappen Moltumyr; tbols@sveio.kommune.no; Stenberg, Hanne; Tjøsvold, Rune; elin.ovstedal@voss.kommune.no; Nina.hagen@voss.kommune.no; Magnhild.Gronningsaeter@granvin.kommune.no; Thor.Nilsen@bergen.kommune.no

Emne: Rapportering - Tilskot til kompetansetiltak innan psykisk helse- og rusarbeid i 2015 - kap 765 post 61

Hei,

Vi syner til tilsagnsbrev av 29. juni 2015 og vil med dette minne om at kommunen skal sende inn rapport for bruken av tilskotet til Fylkesmannen innan 1. april 2016.

Rapportering for 2015

Vi ber om at de nyttar vedlagte rapporteringsskjema og legg ved anna etterspurt informasjon. Rapporten skal innehalde rekneskapsførte lønnsutgifter for kvar einskild som det er søkt tilskot for, i samsvar med det som var oppgitt i søknadsskjema, både når det gjeld tidsrom og lønn. Det er spesifikke krav til måloppnåing, sjå vedlagte regelverk for tilskotsordninga punkt 11 og punkt 3. Det er og spesifikke krav til rekneskapsrapportering med attestasjonar, sjå vedlagte regelverket for tilskotsordninga punkt 11.

Nytt i 2016

Frå 2016 inngår desse tiltaka i den samla innsats for å styrke kompetansen i den kommunale helse og omsorgstenesta, jf. Kompetanseløft 2020, (Prop 1 s 2016 kap. 10).

Det er ei overgangsordning for kompetansetiltak innan psykisk helse og rus for studentar som begynte på vidareutdanning i psykisk helsearbeid, rusproblematikk eller tverrfaglig vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge i 2014 og 2015. Ved utmåling av tilskot for 2016 gjeld same utmålingsreglar som vart nytta i 2015. Bruk vedlagte søknadsskjema for dei studentane som fell inn under overgangsordninga.

Meir informasjon om søknadsfrist med meir blir lagt ut på nettstaden vår om kort tid.

Med venleg helsing

Mona Fauskanger

Førstekonsulent

Fylkesmannen i Hordaland

Helse og sosialavdelinga

Tlf: +4755572203

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

